

# Skal kartleggja behovet for digital rettleiing i kommunen

Frå hausten av planlegg Vaksdal kommune å kunne tilby eit rettleiingstilbod til innbyggjarar med liten eller manglande digital kompetanse.

► **Randi Kleppe**

rk@vp.no

— Det er viktig, viss ein er innbyggjar i Noreg i 2021, å ha eit minimum med digital kompetanse for å klara seg sjølv. Koronaåret 2020 har også vist oss kor viktig det digitale er for å motverka isolasjon, seier Mona Mekki, som er prosjektleiari for samarbeidsprosjektet «Digital innbyggjarrettleiing».

## Spørjeskjema

Prosjektet har bakgrunn i ei nasjonal satsing frå myndigheitene si side for å auka den digitale kompetansen blant innbyggjarane.

Gjennom eit nytt spørjeskjema ber prosjektgruppa målgruppa om å svara på spørsmål om kva digitale tenester og verktøy dei ønskjer rettleiing i. Deretter skal dei sy saman eit opplegg som dei har tenkt å starta opp med til hausten, og som kan bli eit permanent tilbod til innbyggjarar i Vaksdal kommune.

## Samlingar til hausten

— Planen er å ha nokre felle samlingar til hausten, men då

er me avhengige av at koronaen tillèt det. Me har mange gode idear til tema på desse samlingane, seier Mekki, og legg til at det òg vil vera mogeleg å få rettleiingstimar enkeltvis.

Spørjeskjemaet kan ein få tak i på heradshuset, biblioteket og nettsida til kommunen.

**DIGITAL KOMPETANSE:** Mona Mekki er prosjektleiari for ei gruppe som jobbar med å oppretta eit digitalt rettleiingstilbod for innbyggjarar i Vaksdal kommune. (Arkivfoto: Kristine Næss Thorsen)

